Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Davik

Emne: Bryne

Bygdelag: Endal. Davik. Domstein

Oppskr. av: H. Andalsbakke

Gard:

(adresse): Davik

G.nr. 14-25 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det vanlege ord: Eit bryne og bryne Gjern. Hein brukar ein om finare bryne som ein brukar til hövletenner og annan finare reidskap.

2. Før brukte ein ~~tre~~ naturstein, men no er kunststein det vanlege. Enda finst her naturstein i handelen, og nokre is er her vel dei som brukar slike bryne endå. Eldre folk fortel at for 80-100 år attende brukte dei av og til stein som dei fann i jorda, men for det meste brukte dei bryne som vart kjøpte frå Bergen. Det var ingen i bygda som hadde innkoma av å selja bryne, sovidt ein kan få opplyst.

3. Alle slags egg-jarn vert slipte på slipestein som er rund, og etterpå vert dei kvesste med bryne. Til finare reidskap brukar ein finare slipesteinar. Til Gjörr og liknande kan den vera nokså grov

4. Det vert fortalt at dei før brukte å ty... Gjern med ein hamar, men her er ingen som brukar

440

2

at slike ljåer [illegible] var i bruk. Etter kva ... hev tråyst i andre bygder var det visse folk som kynte ljåor og sigdar. Det var nok ikkje kvar mann som tok å greida det.

5. Ja dei brukte ein stein som stod fast i marka. Det var ei helle som kunne vera 40–50 cm breid i øvste enden. Når dei var på utmarksslåttar, tok dei den med. Fleire grannar brukte den då i lag. Dei slipte ved å føre ljåen eller sigden att og fram på kanten av hella eller steinen. Slike steinar kalla dei Sende. Den slags sliping kalla dei å kvekkje ljåen. Kor gamal skikken er, veit ingen her.

6. No sliper ein ljåen for kvar målsykt. Før kunne det vera dei som ikkje hadde tid til å slipa ljåen ordentleg heile veka, for ikkje å slita han for snart ut. Dei kvesste han då berre med bryna

7. Her brukar ein berre eit slags bryne. Bryne av tre kjenner ein ikkje til. Det hende nok av og til når ein slo av eit brynet at ein laga eit skaft av tre og sette brynet fast i. Når ein er ute i slåtten ber ein brynet med.

8. Ljåen sit alltid fast på orvelagen når dei sliper. Før brukte ein lange fine bjørkelaggar til å feste ljåen til orvet med. Dei var laga av lange

440

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2. blad.



bjørkeråler. Dei vart kløyvde i to. Så tok ein borken av dei og arbeidde dei godt til så dei vart mjuke. Desse batt dei så fast kring orvet og ljåfestet. For å få ljåen til å sitja godt fast slo dei inn små trekilar frå båe kantar. No brukar ein helst tynn kesjestong i stadenfor bjørketeger

9. Stuttorvet set ein ned med beltet som dei fleste slåttefolk har, eller dersom ein ikkje har belte, set ein den - orvet - ned med buksebindingen.
Langorvet set ein ned i marka.
Sjølve ljåen vert i båe høve i høgd med auga.

10. Før brukte ein noko ein kalla bryneslire. Den var laga av tre. No er det ingen som brukar det. Er det mykje turt, tek ein gjerne ein blikkboks med vatn i med ut på marka. No ber ein brynet ikkje ned med beltet, men dei aller fleste ber det i bakelommen.

11. Er ikkje kjent her.

12. Ein brukte å feste bryneslira i belte på vinstre sida

13. Ja til vanleg fuktar ein bryne både av naturstein og kunststein. Ein fuktar det i dogga i graset, om det er dogg, og er det turt, spyttar ein på det.

14. Brynekvest. Vart brukt som svake når ein lappa gamle sko

15-2o. Er ikkje kjent.

440
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING